



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

UKM Sak 07/08 Gudstenestereforma

Innleiing

Ungdommens Kyrkjemøte 2008 er begeistra for at vi får vere ein del av ei kyrkje som gjennomfører ein reform som gudstenestereforma. Det er flott å sjå at denne reforma, ein av dei største reformene i Den norske kyrkja, har sitt utgangspunkt i Ungdommens kyrkjemøte. Mykje har skjedd sida Ungdommens Kyrkjemøte 2003 utfordra kyrkja med dokumentet: "Kva slags gudsteneste vil vi ha?". UKM 03 bad om ei reform av høgmessa, men Kyrkjerådet vedtok at det heller var på tide med ei reform av heile gudstenestelivet i Den norske kyrkja. Det er gjennomført eit omfattande arbeid der ein har sett på alle delane av gudstenesta. Resultatet er ein heilt ny måte å tenke gudsteneste på, der kvar kyrkjelyd har ansvar for å forme gudstenester sånn som dei vil ha det. I kyrkjelyden er det mykje kompetanse, både blant kyrkjeleg tilsette og andre i kyrkjelyden. Det er denne lokale kompetansen som skal vere med på å utforme gudstenestene.

Tidlegare har gudstenestene vært like over heile landet, men med fridomen som ligg i gudstenestereforma vil det bli eit mangfald av ulike gudstenester. Det er likevel naudsynt at ein kan kjenne seg att i dette mangfaldet. Gjenkjenninga ligg ikkje lenger i ord og formuleringar, men i eit felles handlingsmønster, kalla ordo. Handlingsmønsteret består av at vi samlast (I), vi deler ordet (II), vi ber saman (III), vi feirar nattverd (IV), og blir sendt ut (V). *Opphavleg*: UKM 08 stiller seg bak eit slikt fast handlingsmønster. UKM 08 meiner alle ledd skal vere med i gudsteneste, men ønskjer at dei tre midtarste leddane kan vere gjenstand for fleksibilitet lokalt.

Prosessen med gudstenestereforma nærmar seg slutten og no blir forslag til ny gudstenestebok, ny salmebok og nye tekstrekker sendt ut på høyring. I samband med denne høyringa vil UKM 08 peike på nokre punkt i forslaget som vi meiner at kyrkjelydane bør vere særskild merksame på.

Lokal utforming

UKM 08 vil understreke at det er naudsynt at kyrkjelydane tek i bruk fleksibiliteten som den nye ordninga opnar for.

Når kvar kyrkjelyd skal utforme ei lokal grunnordning, er det avgjerande at ein får ei ramme som er open nok for variasjonar tilpassa kyrkjeåret og lokale behov. I nokre tilfelle kan det vere fruktbart å lage fleire slike ramme. Desse rammene må stå i forhold til kvarandre på ein slik måte at dei kan svare til dei ulike gudstenestebehova i kyrkjelyden. Det kan til dømes bli utforma ulike variantar med tanke på familiegudstenester, ungdomsgudstenester eller andre profiler som er aktuelle i den særskilde kyrkjelyd. Det er viktig å understreke at alle desse rammene for gudstenesta må vere opne og fleksible.

Gudstenesta er ein møtestad mellom Gud og menneske. Alle dei som ønskjer det skal kunne ta del i gudstenesta. Dette er vesentleg og understrekar gudsteneste som fellesskap.

Det er viktig at den lokale kyrkjelyden er merksam på kva spesielle behov det kan vere naturleg å leggje til rette for lokalt. Slik lokal tilrettelegging føreset at det er ressursar nasjonalt som kan vere til hjelp i denne tilrettelegginga.

Ung involvering i prosess og praksis

Involvering er ei av dei viktigaste omgrepa i gudstenestereforma. UKM 08 sett særleg stor pris på dette. Vi trur at involvering er ein avgjerande faktor for å kjenne at den einskilte høyrar til og opplever gudstenesta som relevant.

Unge har mykje å bidra med og er viktige premissleverandørar; både for kyrkje og samfunn. UKM 08 meiner difor at det er viktig at dei lokale kyrkjelydane tek i bruk den ressursen unge menneske er. Det er óg viktig med variasjon i kven som blir spurt.

Det er fleire måtar å involvere unge menneske på. Eit høve er å få oppgåver i gudstenesta. Unge kan til dømes vere medliturgar. Det er avgjerande at involvering og deltaking i gudstenesta blir meir enn å lese ein tekst.

Ein annan mogleg måte å involvere unge menneske på er at unge blir gitt høve til å vere med i prosessen med å lage gudsteneste. Dette kan skje ved at unge menneske er representerte i sokneråd og gudstenesteutval. Det er óg mulig at unge blir involvert ved at konfirmantar og andre ungdomsgrupper eller lag blir utfordra til å kome med innspel til korleis dei ønskjer at ulike gudsteneste skal vere. Eit slikt samarbeid kan vere avgjerande for å få ei relevant gudsteneste som flest mulig kjenner seg att i.

Musikk i gudstenesta

Musikk er ein viktig del av gudstenesta. UKM 08 er difor glad for at gudstenestereforma óg har jobba med musikken i gudstenesta. Dette gjeld både ny salmebok og ny liturgisk musikk.

Kva for musikk ein vel å bruke i gudstenesta er viktig for korleis gudstenesta blir opplevd for dei som er med. Opninga for variasjon i den liturgiske musikken styrkjer opplevinga av gudstenesta og liturgien blir meir variert.

Saman med ny og breiare samansatt salmebok utgjer dette ei stor utfordring til bruken av instrument i gudstenesta. Det er difor grunnleggjande viktig at det blir lagt til rette for bruk av fleire ulike instrument i gudstenesta. I samband med dette er UKM 08 glad for at den nye salmeboka blir trykt med besifring. Arrangement som legg til rette for at band kan spele til salmane er óg ein naturleg og viktig del i vidare arbeid med musikken i gudstenesta.

Den nye salmeboka har prøvd å få med ei større breidde av ulike songar. Dette er bra. UKM 08 vil likevel understreke behovet for at ein framleis skal kunne nytte seg av andre songar og salmar enn dei som kjem til å stå i salmeboka. Det å kunne velje andre songar og salmar kan vere med på å gi gudstenesta viktige lokale preg.

UKM 08 er opptekne av at salmeboka må vere digitalt tilgjengelig slik at det blir størst mulig fleksibilitet i forhold til bruken.

UKM 08 beklagar at det er så få samiske salmar som er kome med i forslag til ny salmebok. UKM 08 oppfordrar difor at det blir jobba vidare med å få med fleire samiske salmar i salmeboka til bruk i gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Fellesskap

I den nye ordninga skal alle gudstenester i Den norske kyrkja ta til med ei Samling (I). UKM 08 meiner at dette er eit godt grep, og vil understreke verdien av at kyrkjelyden blir gitt høve til å forberede seg til gudstenesta på ein god måte. Dette leddet er óg eit bidrag til å styrkje opplevinga av fellesskapet.

UKM 08 vil oppforde seg sjølv og andre unge menneske til å delta oftare på gudstenesta; ikkje berre for si eiga men óg for fellesskapet si skyld. Når unge tek del i gudstenestefeiringa er dette ei handling som styrkjer fellesskapet.

Preike og presterolle

Ungdomsundersøkinga ”Jeg tror jeg er lykkelig”¹ syner at det er spesielle utfordringar knytt til korleis unge menneske opplever preika. Ofte er det nettopp preika som verkar framandgjerande for unge menneske.

UKM 08 meiner difor at det er naudsynt at det blir jobba med spørsmålet om kva ei preike er og om preika si funksjon. Dette er ei særleg utfordring for dei institusjonane som utdannar menneske til kyrkjelege stillingar.

UKM 08 vil peike på at gudstenestereforma óg stiller krav til ein ny måte å tenke presterolla på. Dette er avgjerande og viktig for at gudstenestereforma kan bli ein faktisk realitet og oppnå sitt fulle potensiale.

Til høyringa

- UKM 08 understrekar at det er naudsynt at kyrkjelydane tek i bruk fleksibiliteten som den nye ordninga opnar for.
- UKM 08 meiner at det er viktig at dei lokale kyrkjelydane tek i bruk den ressursen unge menneske er, og involvere dei i heile prosessen med å lage gudstenester.
- UKM 08 framhevar at det er grunnleggjande viktig at det blir lagt til rette for bruk av fleire ulike instrument i gudstenesta. Det er óg viktig at man skal kunne ta i bruk andre songar og salmar enn dei som kjem til å stå i den nye salmeboka.

37 røysteføre.

Samrøystes vedteke.

Med atterhald om redaksjonelle og språklige endringar.

¹ Holmqvist, Morten, *Jeg tror jeg er lykkelig*, Kloster forlag, Oslo 2007